

FORELDREINFO AUGUST 2022

Info frå FAU:

Første FAU møte er 6.september. Vel møtt til nye representantar.



Marlen Vikeså Allen er leiar av FAU for skuleåret 22/23. De finn liste over andre representantar og meir info om FAU/SU/SMU på [nettsida til skulen](#).

Minner om at 3.-4.sept. er nasjonal kampanje for hovudlus i Noreg. De får meir info saman med lekseplan for veke 36.


Trygt og godt skulemiljø



Alle elevar har ein lovfesta rett til å ha det trygt og godt på skulen. Det samarbeider me med heimane om. Elevane treng kvarandre, dykk heime og oss vaksne på skulen for å laga gode *røter og vinger*. Snakk gjerne om inkludering heime rundt middagsbordet, og vis at de vaksne bryr dykk om heile flokken på dei enkelte trinna.

Me har nulltoleranse for mobbing på skulen. Samtidig er det er levande menneske me arbeider med, som skal forhalda seg til mange andre. Det kan oppstå tilfeller der elevar opplever å ikkje ha det trygt og godt, men då skal de vera trygge på at me tek tak i dette. Om de opplever å ha eit barn som ikkje har det trygt og godt på skulen ber me om at de tek kontakt med oss slik at me saman kan finna fram til dei beste tiltaka for å betre situasjonen. På lik linje vil me kontakta dykk heime om me ser noko på skulen som gjer oss bekymra.

Skulle det skje at du opplever at skulen ikkje gjer nok for å hjelpa barnet ditt, kan du klaga til statsforvaltaren i Rogaland som vil bistå i saka. De finn meir info om lovtekst og klagerett [her](#) eller om de trykker på denne knappen:



Skuleåret er godt i gang. Elevane har vore på turar, arbeidd med klassereglar og rammer for eit godt klassemiljø. Dei har fått utdelt planar, bøker og chromebooks.

Dei fleste har fleire lærebøker i bokform i år enn tidlegare år, dette etter ønske frå dykk føresette og elevar sjølv. Mange syns det er lettare å følgje opplæringa i vanlege bøker enn dei digitale, og det tek me sjølvsgagt omsyn til. Det arbeidet de føresette gjer heime med å følgje opp skulearbeid og hjelpa elevane å laga gode rutiner for lekser, lading av chromebook og pakking av utstyr dei treng, bidreg til at elevane er klar for skuledag og læring. Så er det vår jobb som lærarar å formidla fagkunnskapen. Lekser skal vera øving, ikkje innlæring. Ta kontakt med kontaktlærarar om de opplever utfordringar knytt til lekser mtp. tidsbruk eller fagleg nivå.

Ingen dagar er like på skule, og nokre gonger vert det heller ikkje som planlagt. Andre dagar inneheld uante skattar som her når 2.trinn var på sneglejakt kom med herlege presangar til dei vaksne. Det er gildt å arbeida i skulen!

Med ønsker om eit fint skuleår i lag

Svanhild Gjedrem

rektor

BliMe

Vikeså skule deltek i BliMe-dansen i år og. Kjekt om elevane vil øva litt heime ☺ De finn video av dansen [her](#).

